

Og itte på: Stavanger

Itte på-fondet på 18 millioner kroner frå Stavanger kommune tydeliggjer at Stavanger 2008 framfor alt handla om Stavanger.

Jan Zahl
tekst



KOMMENTAR

DET FINS EIT ENGELSK uttrykk eg ikkje kjem på nokon god norsk variant av. «Put your money where your mouth is» handlar om at det ikkje er nok å snakka. Du må handla også. Og sidan handling ofte dreier seg om pengar, må summane du leverer vera like store som orda du uttaler.

Gjennom heile 2008 – og i mange år før den tid – har entusiastane bak Stavanger 2008 sagt at kulturhovudstadsåret i seg sjølv er stort, flott og viktig. Men viktigare er åra etter.

BODSKAPEN FRÅ Stavanger-ordførar Leif Johan Sevland og kompani har lenge vore at 2008 ikkje markerer avslutninga på kultursatsinga her i regionen, men startskotet. Slike utsegn ville vore av liten verdi om dei ikkje blei følgde opp av pengar og konkrete satsingar. Som nytt konserthus i Bjergsted.

Måndag kom itte på-pengane på bordet. Fleirtalspartia i Stavanger kommune har lagt etterbruksfondet som blei borte frå økonomiplanen til Stavanger 2008 – men som var ein føresetnad i søknaden som blei sendt til Brussel i 2003 – inn i kommunebudsjettet for neste år. Store ord er følgt opp av relativt store pengar.

Sjølv om det var på høg tid at pengane kom på bordet, verkar det som om stavangerpolitikarane har teke både fylkespolitika-



STAVANGER-PROSJEKT: «Iveren i Stavanger og den tilsvarende lunke haldninga elles illustrerer at Stavanger 2008 framfor alt er eit Stavanger-prosjekt», skriv vår kommentator. Her er stavangerordførar Leif Johan Sevland fotografert under kulturhovudstadåpninga i januar. (Foto: Anders Minge)

rar, kollegaer i Sandnes og sponsorar noko på senga. Har Stavanger-politikarane i det heile tatt snakka med nokon andre før dei bestemte seg for å laga etterbruksfondet?

STAVANGER 2008S 314 millioner kroner store budsjett er eit spleiselag mellom Stavanger kommune, Sandnes kommune, Rogaland fylkeskommune og tunge hovudsponsorar som Lyse, Total, Aftenbladet, Sparebank 1 SR-Bank – og med 100 millioner kroner i tilskot frå staten.

Men det er altså bare éin av partnarane som så langt har lagt noko i etterbrukspotten, og dei andre høres i utgangspunktet ikkje veldig ivrige ut. I Rogaland fylkeskommune er det budsjettforhandlingar om dagen, i Sandnes seier Pål Morten Borgli (Frp) at dei må finna sin eigen måte å ta vare på effektane av 2008 – «i den grad det er noko å bygga vidare på», som han seier. Lyse tviler, Aftenbladet og SR-Bank har ingen planar, Total har ikkje bestemt seg.

Iveren i Stavanger og den tilsvarende lunke haldninga elles

illustrerer at Stavanger 2008 framfor alt er eit Stavanger-prosjekt. Kor mange på Sandnes føler at dei bur i ein europeisk kulturhovudstad i år – og kor mange føler vel så sterkt på storebrorkomplekset med Stavanger 2008-flagg vaiande på Ruten? Kor mange veit eigentleg at også Sandnes er europeisk kulturhovudstad i år? Eller Suldal?

Men sjølv om Sandnes ikkje vil løyva pengar til Stavanger 2009 og dei store sponsorane midt i finanskrisen sit noko på gjerdet, bør dei i desse dagar

tenka tilbake på kva dei sjølv har sagt gjennom heile 2007 og 2008, nemleg at kulturhovudstadsåret skal ha ein meir varig verdi, og at det som skjedde dette året skal foredlast og vidareutviklast. For elles var det vel knapt noko vits i heile prosjektet.

Meiner dei noko – både med orda dei uttalte og dei økonomiske investeringane dei gjorde i 2008 – kjem dei med kulturpenge til 2009 også.

Handling seier nemleg meir enn ord.

jan.zahl@aftenbladet.no

Det vakre er vakkert kun

UTSTILLING

KUNSTGALLERIET:

Thomas Sæverud, maleri. T.o.m. 7. desember

Skal vi la oss forføre av det motstandsløst vakre i maleriet, når det ingen ende vil ta?

Trond Borgen tekst og foto

TEGNE I TIDEN er rimelig tydelige: Skjønnheten er igjen på vei inn i maleriet, etter at det tradisjonelt vakre har vært fortrent av modernismen siden slutten av 1800-tallet og av mye postmodernistisk ironi de siste 25 årene.

I Storbritannia går for eksempel Peter Doigs blendende vakre malerier for svært store summer – det er en skjønnhet som kan brukes som god investering. I

Kunstgalleriet viser Thomas Sæverud malerier som ligger fjernt fra Doigs billeduttrykk, men de rommer likevel et sug etter en skjønnhet som nærmest fullstendig dekker over de modernistiske, nonfigurative referansene som ligger i bunnen av Sæveruds formspråk. Det er interessant at Jarle Strømodden peker på dette i sin katalogtekst, uten at det blir problematisert: Om Sæveruds malerier sier han at det visuelle spiller på noe så enkelt som at de er vakre å se på.

SÅ ER DET VEL DETTE som også ligger i tiden: At kulturuttrykk faller sammen med underholdningen, at de ikke skal være problematiske eller problematiserende, men enkle, ukompliserte, lett fordøyelige. Lekre, innsmigrende og glatte. Det er i



THOMAS SÆVERUD: «Organisk», akryl på lerret.

dette postmoderne landskapet Sæverud befinner seg, uten å skape noen kritisk distanse til det han viser fram.

Resultatet er en skjønnhet som ikke bare ligger i hans billedgeometri – i linjene og sirkelene; denne skjønnheten gjør også krav på å ekspandere utover

Resultatet er en skjønnhet som ikke bare ligger i hans billedgeometri – i linjene og sirkelene; denne skjønnheten gjør også krav på å ekspandere utover billedkanten, ut i rommet, inn i mitt betraktersinn.

billedkanten, ut i rommet, inn i mitt betraktersinn. For Sæveruds geometriske mønstre har ingen klare fokuseringspunkt; de er organisert (mer enn komponert) som smakebiter av større møn-

stre som i prinsippet kan bre seg utover uten begrensninger.

Slik blir dette en slags uendelighetsbilder, noe som forsterkes av de subtilt glidende fargenyansene; akrylfargene viser ingen spor etter menneskehånd i bilder som jeg innbiller meg må være skreddersydde som dekor i styrerom, som symboler for den tilsvarende ustoppelige kapitalistiske ekspansjonstrangen.

DET ER EN KJØLIG, upersonlig kalkulerer som bor i disse malerierne, derfor forblir jeg helt uberørt av denne skjønnheten. For den vil meg ikke annet enn å forføre meg; den vil ikke annet enn å invadere et mulig, lite sort hull i mitt estetiske univers, som mange års uhemmet omgang med postmodernistisk kunst nesten har klart å blottlegge.